



KYRKJEBLAD


FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 6

Oktober 1980

34. årg.

Dale KFUK-speidarar



Dale KFUK-speidarar på leir.

I speidargruppa på Dale er det om-lag 30 jenter i alderen 8-16 år. Vi har og med nokre jenter frå Stang-helle og Straume. Aktiviteten er stor på ulike felt. I sommar var 17 speid-arar på krinsleir på Valøy. 14. sep-

tember var vi på familietur i Bergs-dalen. Fyrst var vi med på familie-gudstenesta, etterpå hadde vi ulike aktivitetar i og omkring skulen, slik som førstehjelp, natursti, pannekake-steiking på spann og mat steikt på

60 ÅR UNG —

Norges KFUK-Speidere, som feirer 60-års jubileum i november 1980, er en ung 60-åring. Over 80 % av medlemsmassen er under 15 år, og hele 93 % er under 25. Det er altså ikke noe forbund av «gamle tanter» til tross for de 60 årene, men det er en organisasjon med plass for alle aldersgrupper og hvor barn og voksne arbeider sammen.

I jubileumsåret 1980 har forbundet ca. 19.000 medlemmer. Arbeidet har utviklet seg i mange retninger. Fra å være en bevegelse vesentlig for piker i 11-15 års alderen har det gjennom årene utviklet seg til å omfatte aldersgruppene fra 7-20 år med en pen stab av voksne ledere. Foreldrearbeidet kom det fart på i slutten av 40-årene, og en voksende misjonsinteresse på denne tiden førte til ansettelse av en egen misjonær lønnet av Norges KFUK-Speidere. Det opprinnelige speiderprogrammet med grader og merker ble i 1970 erstattet av et program med flere valgmuligheter, og nå i 80-årene er programmet igjen under revisjon.

glør. Alt gjekk føre seg i regnver, men humøret og utstyr var på topp. 48 born og vaksne var med.

Leiarar for speidarane i år er Brita Hesjedal og Reidun Takvam. Kyrkjelydseleven Perly Sande skal også vera med dette året, og det er vi glade for.

Sundag 9. november vert det stor speidar-matiné i Grieghallen i høve 60 års jubileet. Det er adgang for alle interesserte, og speidarar frå Dale skal vera med i eit programinnslag.

I jubileumsåret har forbundet fått sin 6. landssjef i rekken. Bjørg Thorkilsen er etter 8 år som landssjef blitt etterfulgt av Elise Bulie, Lillehammer. Den nye landssjefen uttalte ved til-tredelsen at hun la særlig vekt på speiderarbeidets verdi som et kristent barne- og ungdomsarbeid — at speiderarbeidet har en stor oppgave som holdningsskapende bevegelse — og at det i vår tid er særlig viktig å oppdra barna til et enkelt levesett. Av nye oppgaver i tiden framover, kommer arbeidet for innvandrerbarn inn. Også der er det særlig på det holdningsskapende område speiderne kan gjøre en innsats.

Evangelisk veke i Vaksdal 14.—19. oktober

Det vert ei evangelisk veke i Vaksdal kyrkje frå 14. til 19. oktober med unntak av lørdag. Som emne for veka har eg sett den andre trusartikkel. Eg trur det kan vera godt både for talarar og tilhøyrarar å ha eit utgangspunkt i eit emne, men heile tida er det likevel eit hovudtema i ei evangelisk veke, sjølve evangeliet som skal presenterast i tale og song. Eg ynskjer difor alle velkomne til møtene i kyrkja. Dei vert kl. 20.00 med unntak av søndag, då tek vi til kl. 18.00. Slik er dei emne som er sett opp for møtene:

Tirsdag: Guds einborne Son, vår Herre

Onsdag: Forsoninga

Torsdag: Oppstoda og livet

Fredag: Jesu allmakt

Søndag: Jesus kjem att

Som ein ser av emnene skal vi samla oss om det sentrale i den kristne trua. Det er noko som vi treng av og til.

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar:

Dagfinn Lofthus

Medarbeidarar:

Johanne B. Helle

og Magne Hesjedal.

Kasserar:

Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik.

Postgiro 5 72 34 73.

Bankgiro 3500.50.13117.

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.

Bladpengar kr. 15,00 for året.

Eksped. og trykk:

Øystese Trykkeri A/S

5610 Øystese. — Tfn. 55045

PERLY SANDE ny kyrkjelydselev



Når det gjeld talarar, er ikkje noko avgjort enno. Men eg vonar at vi kan få song og vitnesbyrd frå elevar på Bibelskulen og frå andre. Det er likevel ikkje program eller talar som skal samla oss, men trongen etter å veksa i kjennskap til sanninga. Vel møtt i kyrkja og gløym ikkje å be for desse møtene at dei kan vera oppbyggjelege og til signing for folket på staden.

Dagfinn Lofthus

Aksjon Dale 17.—26. oktober

Den tradisjonelle aksjonsveka i Dale kyrkje vert som tidlegare i siste del av oktober. Det er ikkje heilt klårt med programmet, men me kan nemna at ungdomskoret «Unge Kristne» frå Osterøy kjem saman med ungdomsarbeidar Audun Hjelvik. Likeeins reknar me med at Bergen Ten Sing kjem saman med John Sverre Stray og vil stå for ein kveld med «Heile kyrkjelyden syng». John Livden vert og i år med to kveldar og elles reknar me med lokale krefter som tidlegare. Du som er vane med å be. Hugs på denne veka.

M. S.

Den nye kyrkjelydseleven i Vaksdal heiter Perly Sande og kjem frå Rygg ved Sandane. Ho er 18 år og skal gå eit år på Menighetsseminaret i Bergen, men altså ha si praksistid i Dale og Vaksdal sokn. Det vert tre dagar i veka på skule i Bergen — mandag, onsdag og fredag og skal dei andre dagane kunne nyttast i kyrkjelyden vår i dei ulike greiner av arbeidet og då ikkje minst innanfor barne- og ungdomsarbeidet. Ho tok til den 1. september og er vel allereide godt presentert i kyrkjelydane når dette kjem på trykk. Me er glad for at me har fått denne ordninga også i år og vonar at kyrkjelydane og vil vera med når det gjeld den økonomiske sida.

Innsamla til Afrika

I Vaksdal har nokre gutar samla inn til dei som svelt i Afrika. Det er Jan Ole Hansen, Øyvind Helland Oddekav og Inge Davidsen. Dei har fått inn kr. 336,20 og eg takkar for gáva til dei som svelt. Dette er ei påminning til oss alle om å vera med og hjelpa der det trengs.

D. L.

Res. kap. Lofthus sluttar

Det skulle nå vera kjent for dei fleste at res. kap. Lofthus kjem til å slutta i prestestillinga i Vaksdal etter ca. 2 år. Han vil ta ei studietid og trengja djupare inn i teologien. Me vil og her i kyrkjebladet få takka han for tida i Vaksdal. I serleg grad for forkynninga som alltid var sentral og direkte. Ein var aldri i tvil om kor han stod i dei mange meiningsbrytningane som det har vore i den seinare tid. Lofthus sluttar den 1. desember, men har lova å ta tenester også etter denne dato. Dette er me mykje glad for då det alltid er vanskar med vikar i ei overgangstid før ny mann kjem.

Førskulen på Vaksdal

Ragnhild Straume frå Starnes vil vera leiar av førskulen i Vaksdal kyrkje i haust. Me er mykje glad for at ho var viljug til å ta stillinga sjølv om det vert berre for eit halvt år. Ho vil då halda fram med utdanninga si på Lærarakademiet i Bergen. Ragnhild er flink både å syngje og spele så det vert nok mykje song og musikk på førskulen denne hausten kan me rekne med.

Kyrkjelydshuset på Dale

Me vil her i kyrkjebladet få takka for dei anonyme gáver som er kome inn på konto i Bruvik Sparebank til kyrkjelydshuset på Dale. Når det gjeld dette arbeidet, kan nemnast at ein komite har teke for seg dei teikingane som føreligg. Då desse er forelda, har ein kome med framlegg om ein justert planløyising som er send arkitektfirmaet Arnstein Arne-

berg i Oslo som i si tid teikna Dale kyrkje. Arkitekt Platou som var med på dette arbeid har teke seg av saka.

Til lukke

Kyrkjebladet ynskjer til lukke med nytt, fint bedehus på Stanghelle. Vi ynskjer og til lukke med 75-årsjubileet for søndagsskulen på Stanghelle.

Til alle foreldre vil vi seia: Send barnet ditt på søndagsskulen, og barnet vil få ein skatt med seg ut i livet.

Kyrkjebladets Bibelskule

Meir om Bergpreika

Bergpreika er forkynning for Jesu læresveinar. Det er galt når nokre seier at Bergpreika ikkje gjeld for dei kristne. Dette seier dei som meiner at lova ikkje skal forkynnast for dei kristne. Det som er rett er at lova ikkje er til fordøming for dei kristne, lova er for dei til rettleiing om Guds vilje.

Men jamvel om Bergpreika i hovudsak er for dei truande, inneheld denne preika og døme på korleis lova skal forkynnast for dei uomvende.

Jesus gjer det då klårt for oss at når lova vert forkynt rett, er ho til fordøming og gir ikkje noko «smutt-hull» for det naturlege menneske som ikkje er fødd av Anden. Det er det som Gud får verka i eit menneske som gjer dette menneske til eit godt tre som ber god frukt. Difor er Bergpreika meir enn ei «morallære». Ho syner oss at vi treng atterføding. Det er mange som har gjort Jesus til ein morallærer og ikkje noko meir. Lova vert og gjort til ei morallære når ein tek bort frå lova trugsålet om dom

og død. Då vert lova rett nok ein tung stein, men steinen er ikkje tyngre enn at mange trur dei skal lyfta han. Men når lova vert forkynt rett, er det steinen som fell over oss.

Farisearane og dei skriftlærde som Jesus kritiserer i Bergpreika forkynte lova slik at folk kunne makta ho. Lova vart redusert til morallære. Difor seier Jesus med tanke på den vanlege lovforkynninga: «De har høyrte det er sagt . . .» Og så: «Men eg seier dykk». Kontrasten er ikkje mellom Skrifta og Jesu lære, men mellom den vanlege lovforkynninga og Jesu lovforkynning. Dette kan truleg provast ut frå 5.43, for det står ikkje i Skrifta at ein skal hata fienden sin. Det som Jesus her siterer (Du skal elska nesten din og hata fienden din) er sitat frå den munnlege forkynninga.

Det som var feilen med denne vanlege jødiske forkynninga var at ein berre såg på den ytre lovoppfyllinga og slik vart alle bud omlag som «ein borgarleg lov». Så kunne dei skriftlærde truga folk med verdslege domstolar, men Jesus trugar med den evige domaren og den evige domstol. «Den som slår i hel, skal koma for domstolen», kunne dei skriftlærde seia. Men Jesus tek denne forkynninga i skule. Det er ikkje dei borgarlege domstolane vi skal reddast mest, men Guds ævelege dom. Slik knyter Jesus samvitet til Gud meir enn til samfunnet. Og lova vert Guds lov meir enn samfunnets lov.

Dei krava som lova stiller er umogelege for alt det som ikkje er fødd av Gud. Og difor er denne lovforkynninga ei veldig understreking av eit anna Jesusord: De må fødst på nytt. Men atterfødinga gjer vi ofte til noko

som stengjer for oss. Det som ordet om atterføding seier er at Gud åleine kan gjera verket, heile frelsa er Guds verk. Men dette stengjer deg ikkje ute frå Guds rike, for nådedøra står open for deg. Det er vi sjølv som stengjer oss ute, ikkje Gud. Det er dette at vi vil gjera oss rettferdige for Gud som stengjer oss ute. Men vi blir frelst av nåde for Jesu skuld, seier Guds ord.

«Vi veit at ein døydde for alle, difor har dei alle døytt». 2. Kor. 5.14.

Trur du dette? I dette ligg livet. Livet ligg i bodskapen om han som døydde for alle.

Å hvilken nåde Gud hos deg at porten åpen står for meg.

D. L.

Hausvik og Faugstad $\frac{1}{2}$

Vaksdal

Telefon 39 72 13

Voss Samvirkeag

Avd. 14 — 5294 Eidslandet
Avd. 15 — 5296 Eksingedalen

Dale Fabrikksalg

5280 Dalekvam
Tlf. Dalekvam 39 61 61

Tekstilvarer — Sengetøy
Børull og ull meterverer
Strikke- jakker og gensere

Ekspedisjonstider ved våre kontor:

DALE, tlf. 39 63 21
Måndag, tysdag,
onsdag og fredag 8.30 15.00
Torsdag 10.00 17.30

VAKSDAL, tlf. 39 72 15
Tysdag og fredag 8.30 15.00
Torsdag 10.00 17.00

STAMNES, tlf. 39 80 15
Måndag 9.30 14.00

Bruvik Sparebank

Vaksdal, Dalekvam, Stamneshella

Stamnes Handelslag STAMNESHELLA

Dale Handelsforenin Dalekvam

TOMAS UTSKOTTS SKOFORRETNING Dalekvam

Vaksdal koop. Handelslag VAKSDAL

Tlf.: Kontor 39 71 12 — Snarkjøp 39 71 10
Kjøp i Dykkar eigen forretning

RADIOSPECIALEN ^{1/2}

Dalekvam
Tlf. 39 61 40

RADIO - TV

Reparasjonsverkstad

BØKER — PAPIR — BIBLAR SALMEBØKER- SANGBØKER

EIDE & PETERSEN ^{1/2}

Dalekvam
Tlf. 39 61 58

K. SEIM

Kolonial & Delikatesse

Dalekvam
Tlf. 39 62 23

BRUVIK HANDELSLAG

Ass. Landhandel og Bakeri

FILIAL SKAFTÅ

Arthur og Arne Vaksdal KVIKKBAR

Dalekvam
Tlf. 39 60 61 — 39 60 12

Konfirmantbøn

Tone: Se solens skjønn lys og prakt ...

I dåpen du meg tok imot,
å Gud, deg lov og ære!
I dag eg fell ned for din fot:
Min Gud, du enno vere
meg nådig, og ditt kall
meg lyfte opp frå fall.
Tilgjev mi synd, lat meg få gå
med kyrkjeflokk du elskar så.

Min veg igjennom verda går,
der høyst mange røyster;
dei dreg frå deg, mi von om vår,
og endå dei kje trøyster,
eg redd er dragast ned
til verdsens falske fred:
Til liv på jord der ei ditt Ord
med frelse kjem, så livet gror

Å Jesus, slepp ei or di hand
dei du i dåpen femnde;
men før hell' fram til livsens land
dei du så nådig nemnde
til vera dine her
og evig der ha kjær;
til her på jord å fylgja deg,
til målet nå på livsens veg.

Gud, ver med anden i mitt sinn,
styr mine steg og tankar,
så eg med Jesus vegen finn,
ved målet meir kje ankar
om tung vert mang ei stund
før nådd vert trygge grunn.
Lær meg i tru deg lova her
til eg i syn deg skoda fær!

Stadfest meg, Gud, her i di pakt,
til med deg trufast leva;
det Ord som er av Jesus sagt
lat Anden liv få gjeva:
Så eg med dette Ord
tek mot deg her på jord.
Du kalla meg frå myrkret ut,
til evig vera utvalt brud.

(Einar Erikstein)

Mors innflytelse

Omkring 100 troende menn var en gang samlet til fest. I festen sto en av dem opp og foreslo at alle skulle fortelle hva som hadde vært midlet til at de ble omvendt. Tre fjerdedeler av de unge mennene svarte på det spørsmålet med to ord: «Min mor».

En kveld satt en mor og snakket med gutten sin om Jesus. Plutselig

falt en tåre fra kinnet hennes og ned på hånden til gutten.

Da gutten senere, da han var blitt voksen mann, fortalte om den lille hendelsen sa han: «Denne tåren gjorde meg til misjonær.»

Det kan ikke uttrykkes med ord hvilken innflytelse hjemmet og en mor har på den oppvoksende slekt.

Hvorfor kom dere ikke før?

En misjonær fra India forteller: Da jeg en dag underviste de innfødte barna i kristendommen, la jeg merke til en hedensk kvinne som gråt og jamret seg. På spørsmålet hvorfor hun gråt, svarte hun: «Jeg gråter over mine barn som er døde.» «Hvordan døde de?» «Jeg drepte dem alle 17.» «Hvorfor drepte du dem?»

«Jeg knuste deres panner mot avgudsalteret. Våre prester fortalte at avguden trengte det bløte i hodet som mat.» Og kvinnen gråt enda mer — og sa:

«Nå hører jeg hva disse barna lærer, og jeg ser hvor glade de er over å ha lært å kjenne og elske denne barnevenn som du taler om. Hvorfor kom du ikke før og fortalte oss dette? Da hadde mine barn vært hos meg, glade og lykkelige, og jeg hadde vært en lykkelig mor. Nå er de borte, og jeg er ensom, og dertil en morderske. Hvorfor kom du ikke før?»

Hva kunne han svare? Hva kan de kristne svare på hedningeverdenens rop: «Kom og hjelp oss?» Det har lydt nå i snart 2000 år.

Velkommen til kyrkje

20. søndag etter pinse, 12. oktober:

Dale kyrkje kl. 11.00. Res. kap. Lofthus.
Flatekval kyrkje kl. 11.00. Familiegudstene-
ste. Sokneprest Steinnes. Offer.
Bergsdalen kyrkje kl. 11.00. Kapellan Byg-
stad.

21. søndag etter pinse, 19. oktober:

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Familiegudstene-
ste ved sokneprest Steinnes. Offer.
Stamnes kyrkje. kl. 11.00. Familiegudstene-
ste ved res. kap. Lofthus. Ungdomskoret.
Offer.

Bots- og bededag 26. oktober:

Dale kyrkje kl. 11.00. Familiegudstene-
ste ved sokneprest Steinnes. Offer. Barnekoret.
Eidslandet kyrkje kl. 11.00. Familieguds-
teneste og avskilsgudstene-
ste ved res. kap. Lofthus. Offer.

Helgemesse-søndag 2. november:

Nesheim kyrkje kl. 11.30. Avskilsgudstene-
ste ved res. kap. Lofthus. Offer.
Vaksdal kyrkje kl. 18.00. Res. kap. Lofthus.
Nattverd. Offer.

24. søndag etter pinse, 9. november:

Dale kyrkje kl. 11.00. Avskilsgudstene-
ste ved res. kap. Lofthus. Nattverd. Kyrkje-
koret.
Stamnes kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Stein-
nes. Nattverd.
Bergsdalen kyrkje kl. 17.00. Avskilsguds-
teneste ved res. kap. Lofthus. Nattverd.

25. søndag etter pinse, 16. november:

Vaksdal kyrkje kl. 11.00. Sokneprest Stein-
nes.
Flatekval kyrkje kl. 11.00. Avskilsgudste-
neste ved res. kap. Lofthus.
Dale kyrkje kl. 19.00. Sokneprest Steinnes.
Offer. Speiderne.

FAST KONTORTID PÅ PRESTEKONTORET

Dale: Onsdag kl. 10.00 — 11.30
Fredag kl. 16.30 — 18.00
Telefon 396120

Vaksdal: Torsdag kl. 10.00 — 11.30
Telefon 39 70 88

Mandag er prestens fridag.
Når det gjeld vigslar og gravferder,
har prestane kvar si tenesteveke,
så langt som råd er.

A. L. VATLE DALE

Kjøtt, pølser og påleggsvarer
Frukt og grønnsaker